



– Korleis får ein samarbeidet mellom reiseliv og lokalsamfunn til å fungere enda betre?

– Korleis gir betre reiseemål og samarbeid auka verdiskaping lokalt?

Mange lokale aktørar oppfattar seg ikkje som reiselivsaktørar. Sjølv om mange hentar mykje av sine inntekter frå tilreisande, ser dei på seg sjølve som tilbydarar for lokalbefolkninga. Ikkje minst gjeld dette handelsnæringa med forskjellige slags butikkar, bensinstasjonar etc. Samstundes er byggebransjen blitt ein viktig leverandør til reiselivsnæringa – eller det mange vil kalla besøksnæringa. Dette gjeld særleg i kommunar der hyttetasninga er stor. Mange stader hentar også aktørane i landbruket mykje av sine inntekter frå reiselivsnæringa. Vi har på berre nokre tiår fått store strukturendringar, spesielt i mange innlandskommunar, der «kalde

tradisjonelle reiselivsnæringa, eldsjeler og andre i lokalsamfunnet ta del i denne kunnskapen. Distriktsenteret er avhengig av god kontakt med fylkeskommunane og det regionale partnarskapet i kvart fylke for å få til denne kunnskapsdelinga.

■ I 2011 fekk Distriktsenteret utarbeidd ein rapport av Mimir AS om kommunane sine roller i reiseområdeutvikling. Den gongen var det fleire som tok til orde for at det burde leggjast til rette for ei etterutdanning med vekt på kommunane sin viktige rolle i å utvikla betre reiseområde. Innovasjon Norge, som i fleire år har gjennomført kurs i reiseområdeutvikling, har deltaka i diskusjonen.

Rapporten «Duett eller duell?» har styrka vår tru på at det bør leggjast til rette for skreddarsyddetilbod om kunnskap på området. I

til rollene som kommunane har: produktteigar, rammesettar og planmyndighet, utviklingspartnar og vertskap for eit godt reiseemål.

■ Kommunen har eit ansvar for å kjenne til og planlegge utifrå kva som er den enkelte staden sitt ulike konkurransefortrim. Dei må ha vilje til å ta vare på og vidareutvikle dette. Stadig formying og eit konstant fokus på kvalitet er difor nødvendig. Det krev kunnskap og omstillingsevne djupt inn i kommunen som organisasjon og hjå samarbeidande partnarar.

Det er eit sterkt ønske i den siste nasjonale reiselivsmeldinga, Destinasjon Norge (2012), og i den nye regjeringsplattforma om å få ned tallet på destinasjonsselskap. Fleire stader har dette allerede skjedd. Mange stader må reiselivssjefane med sin stab ha kontakt med opp mot 10 kommunar eller

Naturkvalitetane er berre råvarer dersom ingen foredlar det

fleire. Distriktsenteret meiner at styrka kompetanse i fellestrommet mellom gode reiseemål og attraktive lokalsamfunn vil bli enda viktigare når destinasjonsselskapa blir større.

Spørsmålet er korleis dette kan bli løfta fram som eit viktig kompetansetilittar for kommunar som prioriterer reiselivsnæringa i kommunepleanane, utviklingsarbeidet og ikkje minst i omdømmearbeidet.

■ Distriktsenteret meiner det vil vera aktuelt å tilby ei opplæring for både lokale og regionale politika-

mellem reiseliv og lokal samfunnsutvikling. Kunnskapen er allereie kopla til omdømmeskulen som vi har ansvar for. Vi er med det attende til hovudfunnet i rapporten «Duett eller duell?». Det er folk som skapar gode reiseemål – saman. Det handlar om stad, folk, kunnskap og nettverk.

Distriktsenteret håpar funna i den siste rapporten kan bli gode verkøy for folk både i kommunane og i næringslivet. Ein rådmann som var med i studien, sa det slik: « Dette meiner eg at eg visste frå før, men no torer eg å bruke forståinga i den vidare samfunnsplanlegginga i kommunen».

Utfordringa er hermed gitt: Grip sjansen, styrk kompetansen og skap tillitsfulle nettverk til beste for gode reiseemål og lokalsamfunn med vekstkræft.

Dialektriket Noreg

NRK-programmet Dialektriket har i det siste fått litt ekstra merksemd. Ein sjåar hadde sendt eit brev direkte til programleiar, og dette brevet blei spreidd i rekordfart via sosiale medium.

I Språkåret 2013 kan ein gå utifrå at det både er akseptert og naturleg å bruke dialekt i dei fleste situasjonane i kvardagen. Det finst dei som av ulike grunnar normaliserer dialekta si, men dei fleste er ikkje nødvendigvis direkte tvinga til det. Som oftast vil ein knyte dialekta til identiteten til ein person, og i mange samanhengar vil ein kunne få negative reaksjonar der-

som ein «knotar», fordi dette kan oppfattast som uekte eller tilgjort. Det finst sjølvstg det som bruker skriftspråket som mal og mål også for det munnlege uttrykket, men det kan verke som om dei fleste i Noreg ser på eit talemål som kan knyttast til ein bestemt plass eller ein region, som meir ekte og personleg enn noko anna kjenneteikn ved ein person.

Språk og dialekt engasjerer - i Noreg kanskje meir enn i mange andre land. Alle har ei meining om språk - ikkje minst om skriftspråka bokmål og nynorsk, men også om dei ulike dialektene. Ein treng ikkje å seie mange setningar før

ein blir spurd om kvar ein kjem frå. Dette er heilt vanleg i Noreg, og brukar ein ei anna dialekt enn den ein skulle rekne med utifrå bakgrunnen, kan ein gjerne vente seg ein lengre samtale der ein må gjere greie for årsakene.

Kva så med brevet til NRK-programleiar? Vel, programleiar er rein og «klassisk» norsk pratar ei rein og «klassisk» norsk dialekt frå Telemark.. På 1800-talet kunne ein nesten ikkje tenkt seg noko meir norsk enn telemar-king. Men så heiter ho Yasmin Syed og er litt mørkare enn mange andre fordi ho har ein far frå Kashmir. Dette åleine var då grunn nok

til at ein sjåar sende eit brev med svært formærande innhald - og faktisk skrivne på dårleg norsk. Som innvandrar var det jo klart at ho ikkje kunne eller visste noko som helst, og ho skulle ikkje fortelje sjåaren og dei andre om deira språk - som då altså ikkje var hennar språk.

Språk og dialekt er viktige identitetsmerke, men kva er det som får enkelte til å føle seg truga når dei høyrer ei dialekt i ei litt anna innpakning enn dei kanskje er vant til? Kan det verkeleg vere slik at hudfarge i 2013 framleis blir brukt som eit kriterium som ein kategoriserer menneskelege indi-

vid ut frå? Kan det verkeleg vere slik at ein uansett aldri er norsk dersom ein har feil hudfarge eller eit namn som ikkje høyrer seg eller ser norsk ut? Er det verkeleg slik at ein ikkje kan ha kunnskapar om norsk og Noreg dersom ein ikkje ser artisk ut? Er kunnskap noko som er medfødd?

Brevet frå denne sjåaren viser at Dialektriket er eit viktig program nettopp med Yasmin Syed som programleiar, og det viser tydeleg at Språkåret 2013 er året som aldri bør ta slutt.

Jens Haugan, Hamar
Lanmanuensis i norsk

